



## Notat

Dato: 18.11.2015  
Arkivsak: 2015/8173-102  
Saksbehandlar: ingtakl

---

<b>Til:</b>	Valnemnda Fylkestinget
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### **Tillegg til PS 27/2015 i valnemnda og PS 84/2015 i fylkestinget (27.10.2015) Val til styre, råd, utval og nemnder for perioden 2015-2019**

Fylkesrådmannen la fram ei sak om Val til styre, råd, utval og nemnder for perioden 2015-2019 som vart handsama av valnemnda og fylkestinget. Ymse råd, styre, utval og nemnder vart vald i fylkestinget 27.10.2015, og resten vart utsett til fylkestinget 08.-09.12.2015.

Ein har oppdaga nokre feil i saka, og i dette tillegget vert desse forklart.

#### **Organ knytt til kultursektoren**

##### **11. Griehallen IKS**

Representantskapet

Medlem

1. Fylkesordfører Anne Gine Hestetun A

Varamedlem

1. Fylkesvaraordfører Pål Kårbø KrF

I fylkestinget 11.-12.06.2013 vart følgjande vedteke: «*Fylkesordføraren vert valt som medlem i representantskapet i Griehallen IKS med fylkesvaraordføraren som personleg varamedlem.*»

Fylkesrådmannen forstår vedtaket slik at det er fylkesordfører og fylkesvaraordfører i kraft av sine verv som vert valde, ikkje som personar.

Til opplysing gjorde fylkestinget og slikt vedtak: «*Fylkesordføraren får fullmakt til i samråd med Bergen kommune å utpeike eitt styremedlem med varamedlem.*»

##### **19. Norsk Kulturarv, rådet**

Norsk kulturarv har avvikla rådet sitt, og er i gong med ein prosess for å endre vedtektene sine slik at rådet vert teke vekk. Det vart ikkje vald eit råd på førre årsmøte. Det er difor ikkje naudsynt å velje medlem til dette rådet.

## 21. Stiftinga Kystsogevekene

### Styret

#### Medlem

1.

#### Varamedlem

1.

Stiftinga Kystsogevekene har både eit representantskap og eit styre. Berre representantskapet vert nemnt i saka. Styret vert vald av representantskapet, og ein får ikkje vere medlem i begge organa. Hordaland fylkeskommune skal ha eit medlem i styret. Det har vore praksis at fylkesordførar er medlem i representantskapet og at leiar for utvalet som er ansvarleg for kultur er medlem i styret. Eit medlem og ein vara til styret i Stiftinga Kystsogevekene bør difor veljast.

### Organ knytt til samferdselssektoren

#### 3. Bro- og Tunnelsselskapet AS

Bro- og Tunnelsselskapet AS vart nedlagt 22.03.2012.

#### 21. Kontaktutvalet for Bergensprogrammet

##### Medlemer

1. Fylkesordføraren
2. Leiaren i utvalet for miljø og samferdsel
3. Representant for opposisjonen

##### Varamedlemer

- 1.
- 1.
- 1.

Kven som skal veljast til dette rådet er litt uklart i saka. Dette vert difor ein presisering. Fylkestinget skal velje tre medlem og tre varamedlem til Kontaktutvalet for Bergensprogrammet. Det er lagt nokre føringar på kven som skal vere medlemane. Det er fylkesordførar, leiaren i utvalet for miljø og samferdsel og ein representant for opposisjonen.

### Statlege organ på fylkesplan

#### 1. Norsk Rikskringkasting

Lokalt programråd

Medlemer

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Leiar:

Varamedlemer

- 1.
- 1.
- 1.
- 1.
- 1.

Fylkestinget skal velje alle 5 medlemane og 5 varamedlemane som skal veljast til NRK sitt lokale programråd, ikkje 3 som det står i saka. I tillegg skal fylkestinget og velje leiar for rådet.

#### **Andre organ m.v.**

#### **5. A/S Strandgaten 196**

Fylkestinget vedtok i sak 66/15 den 13.10.2015 å selje aksjane i Strandgaten 195 AS, alternativt å selje egedomen. Det er difor ikkje naudsynt å velje medlem til dette styret.

#### **10. Sparebanken Hardanger, forstandskapet**

Sparebanken Vest og Sparebank 1 Hardanger fusjonerte frå 1. november 2011 under namnet Sparebanken Vest. Det er difor ikkje naudsynt å velje medlem til dette styret.

#### **11. Sparebank 1 SR-bank, representantskapet**

Sparebank 1 SR-bank vart aksjeselskap 01.01.2012. Det er difor ikkje naudsynt å velje medlem til dette styret.

#### **12. Sparebanken Vest, representantskapet**

##### **Medlemer**

- |    |                   |     |
|----|-------------------|-----|
| 1. | Terje Søviknes    | Frp |
| 2. | Pål Kårbø         | KrF |
| 3. | Eli Årdal Berland | H   |

##### **Varamedlem**

- |    |                  |   |
|----|------------------|---|
| 1. | Brigt O. Gåsdaal | A |
|----|------------------|---|

Det vart vald medlemar og varamedlemar til representantskapet i Sparebanken Vest i fylkestinget 14.10.2014. Ombodstida ved valet var 2015-2019. Det er difor ikkje naudsynt å velje medlem til dette styret.

## 17. Ungt entreprenørskap

Styret

Medlem

1.

Valkomite

1. Medlem

Hordaland fylkeskommune er representert i Ungt Entreprenørskap sitt styre med ein politisk medlem og ein administrativ medlem, samt med ein politisk medlem i valkomitéen. Det er ønskeleg frå organisasjonen at Hordaland fylkeskommune er representert i valkomitéen.

## 18. Samarbeidande kraftfylke

Til å møte på årsmøte

Delegat

1.

Til å møta i årsmøtekonferansen

Representantar

1.

2.

3.

Forslag til styret

Medlemer

1.

2.

Det er uklart i saka kva og kor mange som skal veljast i samband med Samarbeidande kraftfylke. Hordaland fylkeskommune har fått eit brev med invitasjon til årsmøte, årsmøtekonferanse og til å melde inn forslag til styret til valkomitéen. Fylkestinget må velje ein delegat til årsmøte, tre representantar til årsmøtekonferansen og forslag på to medlem til styret.

## 19. Nordfjellarådet

Det vart vald medlemmar og varamedlemmar til Nordfjellarådet i fylkestinget 10.03.2015. Rådet har enda ikkje vore konstituert eller hatt eit møte.. Det er difor ikkje naudsynt å velje medlem til dette rådet.

## 25. Regionalt forskingsfond Vestlandet

Styret

Medlemer

1.

2.

Varamedlemer

- 1.
- 1.

#### Valkomite

Regionalt forskingsfond Vestlandet er eit samarbeid mellom tre fylkeskommunar; Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Styret i fondet vert vald etter ein innstilling frå fondet sin valkomité.

På fylkestinget 27.10.2015 vart fylkesordførar Anne Gine Hestetun vald som medlem med fylkesvaraordførar Pål Kårbø som varamedlem. Dette var ikkje naudsynt med tanke på korleis valet til Regionalt forskingsfond Vestlandet skal gjerast. Saker om dette vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget/valnemnd. Sakene er:

- Ein sak til fylkesutvalet 18.-19.11.2015 angående medlem i valkomiteen
- Ein sak med innstilling frå valkomitéen på styret i fondet, som først skal i valnemnda og så i fylkestinget.

Det er difor ikkje naudsynt å velje medlem til dette styret som ein del av den valsaka som no vert handsama.